



Energi- og miljøkomiteen  
Stortinget  
0026 OSLO

## **OPPRUSTING AV VERMA KRAFTVERK I RAUMA: STOPP UNDERGRAVINGA AV VERNEPLANEN FOR VASSDRAG!**

Det har over tid vore eit stort engasjement rundt opprusting av Verma kraftverk i Rauma kommune i Møre og Romsdal. Det ligg eit stort potensiale for auka kraftproduksjon ved ei opprusting av det gamle kraftverket. Og det ligg eit stort potensiale for store vanskar både innan kraftutbygging og vassdragsvern viss ein trør feil.

Rauma Energi AS, som eit energiselskap eigd av Rauma kommune, har det siste tiåret fremma søknad til NVE for å bygge ny inntaksdam ved Storhaugen. NVE har avvist dette då vassdraget er ein del av det verna Rauma-Ulvåavassdraget. For eit år sidan søkte så Rauma Energi AS om opprusting av noverande inntaksdam og ei mindre flytting av kraftstasjonen. Denne siste løysinga er det rom for innafor vernebestemmelsane for vassdraget. Elveeigar- og grunneigarlag, kommune og Naturvernforbundet har tilrådd løysinga med mindre merknader.

Hovudproblemet med den siste søknaden er at den er basert på å heve reguleringshøgda i inntaksmagasinet med 7,5 meter for å løyse isproblema som år om anna oppstår i inntaket. Dette viser seg å vere vanskeleg som følgje av at Vermedalen naturreservat har grenser som følgjer noverande strandline i inntaksmagasinet. Spørsmålet er tatt opp med Direktoratet for naturforvaltning som avviser å flytte grensa for naturreservatet.

Som en følgje av denne avvisinga ser vi et auka engasjementet for å flytte inntaksdammen til Storhaugen. Mellom anna i form av to spørsmål i Stortinget sist haust. Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har saman med lokallaget i Rauma arbeidd mykje med denne saken. Naturvernforbundet har laga ei skisse for løysing ved noverande inntaksdam som bør kunne gjennomførast utan negativ verknad for naturreservatet samtidig som isproblema i inntaket truleg vil vere løyst. Forslaget blei sendt til NVE i desember 2009, og NVE har no pålagt Rauma Energi AS å utgreie dette alternativet nærare.

Samtidig som denne saka dreier seg om å finne gode tekniske løysingar med akseptable miljøkonsekvensar dreier denne saka seg om norsk kraftutbygging og norsk vassdragsvern i det heile.

Noverande kraftverk har ein produksjon på 70 GWh. Omsøkte alternativ med 7,5 m heving av dammen kan gi ca. 120 GWh. Naturvernforbundet sitt alternativ vil gi om lag 2 GWh mindre som følgje av 7,5 m lågare fallhøgde. Storhaugenalternativet er rekna til 140 GWh, men med omfattande inngrep.

Skulle engasjementet frå Rauma Energi AS og ein del av politikarane frå Møre og Romsdal føre fram, vil Storhaugenløysinga føre til endring av vern for eit landskapsvernområde både ved dammen og reguleringsstrekningar for elva, og nede i dalen som følgje av eit nytt behov for kraftline. Vidare vil det bli redusert vassføring i det nasjonale laksevasdraget Rauma på ein to og ein halv kilometer lang strekning. Sist, men ikkje minst vil det krevje endringar i vernebestemmelsane i samla plan.

Verneplanane for vassdrag har blitt til gjennom langvarige prosessar sidan 1960-talet. Dersom ein no går inn for å endre vernet av verna vassdrag vil det være eit stor tilbakesteg. Det vil auke konfliktnivået i slike saker og kan føre til at det blir vanskeligare å få aksept sjølv for gode utbyggingsalternativ andre stader.

I verneplanprosessane på 1970-talet var det to vassdrag som fekk full uttelling på verneverdiar, Rauma-Ulvåa i Sør-Noreg og Vefsna i Nord-Noreg. Vassdraget har store verneverdiar, og har dessutan stor symbolverdi i vassdragsvernet.

Skilnaden mellom eit godt opprustingstiltak i Verma og ein vernemessig kollaps er 20 GWh, om lag det same som eit småkraftverk produserar. Naturvernforbundet ber om at energi- og miljøkomiteen avviser dei initiativa som går på å undergrave norsk vassdragsvern og Samla plan, slik ein har sett tilløp til i dette høvet og i staden gå inn for ei opprusting som både gir meir kraft, men som samtidig bevarer verneverdiane i området.

Oslo / Tingvoll, 11. februar 2010

Lars Haltbrekken  
leiar Norges Naturvernforbund

Øystein Folden  
fylkesleiar, Møre og Romsdal

NVE  
nve@nve.no

7. desember 2009

## **VERMA KRAFTVERK - KRAV OM UTGREIING AV NY INNTAKSLØYSING**

Nedanfor følgjer ei skisse for ei ny inntaksløysing til Verma kraftverk. Naturvernforbundet ber om at NVE krev av Rauma Energi AS å greie ut denne løysinga.

Den seinare tida har stortingsrepresentantane frå Møre og Romsdal vore høgt på banen for å løyse opp vassdragsvernet som er bygd opp i Noreg over dei siste tiåra, og dessutan slå nye kilar inn i Romsdalen landskapsvernområde som heller burde ha vore større enn mindre. Dette kan ikkje Naturvernforbundet sitte stille og berre sjå på.

Naturvernforbundet har vore i kontakt med Rauma Energi AS for å gjere oss meir kjent med isproblema det er opplyst om i noverande inntak. Rauma Energi AS har ikkje vore særleg imøtekomande, så det har ikkje lukkast oss å få deira kunnskap om problema formidla. Men vi har hatt kontakt med andre som i alle fall i nokon grad har kunna hjelpe oss. Vi har vidare vore i området ved inntaket i løpet av den siste veka for å kontrollere vår oppfatning av terrengdetaljar. Såleis kan Naturvernforbundet no legge fram ei skisse til løysing av inntaket slik at ein unngår inngrep i verna område og samtidig truleg kan løyse det aller meste av isproblemet i inntaket.

Grovt skissert går løysinga ut på følgjande:

Sør for noverande inntaksmagasin blir det laga ein steinfallingsdam i forlenging av noverande betongdam, og innafor denne dammen blir det tatt ut masse for nytt magasin. Innteikna areal er ikkje endeleg utforming, men har ei flate på ca. 4000 m<sup>2</sup>. Ved å ta ut masse ned til 20 m under høgaste regulerte vasstand vil ein få ein djup del tilsvarande det som er tenkt ved å heve høgaste regulering med 7,5 m i eksisterande basseng. Vidare vil ein få ei volumauke på 70 000 m<sup>3</sup> samanlikna med noverande, med tanke på istilhøve. Plasseringa følgjer i kartvedlegg. Blå strek markerar areal som kan utdjupast og steinfallingsdam kjem på nedsida.

Nytt inntak må då vere i denne nye og djupe delen.

Mellom eksisterande inntaksdam og ny del må ein lage eit samband. Her må ein vurdere korleis dette kan gjerast slik at ein får minst mogleg av isen inn i den nye delen av bassenget.

Høgaste regulerte vasstand blir ikkje høgare enn no.

Arbeida med den nye delen kan truleg gjerast medan noverande kraftverk er i full drift.

Uttatt masse og behov for same typen masse i steinfallingsdam kan truleg avpassast.

Noverande betongdam vil fungere som overlaup også i framtida.

I tillegg til arbeida med den nye delen må det vurderast om det skal plastrast i strandlina mot naturreservatet for å stoppe den erosjonen som har oppstått der.

Vi har ikkje fullt oversyn om tilstrekkeleg areal har vore gjennom dei fagutgreiingane som er gjort til no. Slike fagutgreiingar må reviderast slik at ein får på bordet verknadene av forslaget og kan ta endeleg stilling til dei.

Når det gjeld opphavet til isproblema har vi i samtale med Rauma Energi AS fått forståing av at problema oppstår utan at dei ser system i årsaka ein del gonger. Vi er kjent med at det innan varmestyring finst system der ein legg inn ønska mål og at systemet sjølv lærer av avvik slik at det ved seinare liknande tilfelle vil løyse utfordringa annaleis. Ved overvaking av vassføring og meterologiske data i tillegg til faktisk isføring vil vi difor tru det finst potensiale slik at ein kan redusere isproblemet så langt som råd. Men det ligg jo føresetnader i ei slik løysing at ein ikkje har manøvrering heilt på tvers av naturlovane. Sjølv utsikt til økonomisk fortjeneste må jo til ein viss grad bøye seg for naturlovene.

Naturvernforbundet er elles forundra over kvifor denne typen løysing ikkje er utgreidd i søknaden så langt. Vi har ei kjensle av at Rauma Energi AS ønskjer å ha eit konfliktnivå til noverande inntaksløysing for å presse seg fram med alternativet inne i landskapsvernområdet.

Med helsing

Øystein Folden

Leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi:

Rauma Energi AS

Rauma kommune

Møre og Romsdal fylke

Direktoratet for naturforvaltning

## Verma kraftverk - Naturvernforbundet si løysing



Målestokk = 1:1500





Norges  
vassdrags- og  
energidirektorat

N V E

KOPI

Rauma Energi As  
Postboks 214  
6301 ÅNDALSNES

Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95  
Telefaks: 22 95 90 00  
E-post: nve@nve.no  
Internett: www.nve.no

Org.nr.:  
NO 970 205 039 MVA  
Bankkonto:  
7694 05 08971

**21 DES 2009**

Vår dato:  
Vår ref.: NVE 200705371-38 kv/inh  
Arkiv: 312 /103  
Deres dato:  
Deres ref.:

Saksbehandler:  
Ingrid Haug  
22 95 94 16

## Nye Verma Kraftverk - Oversendelse av krav om utredning av ny inntaksløsning

Vi viser til vedlagte brev fra Naturvernforbundet i Møre og Romsdal datert 07.12.2009. Naturvernforbundet viser til en mulig løsning for utforming av inntaket for å unngå inngrep i verneområder.

NVE ber om Rauma Energi sine merknader til forslaget. Vi ber om en kort gjennomgang av mulige tekniske løsninger, samt en oversikt over fordeler og ulemper for produksjon, kostnader, miljø, m.m. ved en slik løsning

Med hilsen

Jens Aabel  
seksjonssjef

Ingrid Haug  
seniorrådgiver

Vedlegg: Brev fra Naturvernforbundet i Møre og Romsdal datert 07.12.2009

Kopi u/vedlegg: Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Co/ Øystein Folden, 6630 TINGVOLL